



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 06.12.2018  
Vår ref.: 2018/16823-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Landbruksveg og snuplass - Øvre Sagstad gnr 18 bnr 12 - Meland kommune - Varsel om synfaring

Viser til brev av 22.11.2018 med planar om etablering av landbruksveg og oppstillingsplass/snuplass. Hordaland fylkeskommune ved fylkeskonservatorene, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I fylgje våre arkiv er det kjent fleire automatisk freda kulturminne i nærområdet. Lengre opp i dalen er det kjend ein del gravminne, nokre av desse er no fjerna, i tillegg til gamle Meland kyrkjested. Lengre ned i dalen er det i samband med detaljregulering for fv. 564 registrert tre nye lokalitetar frå bronsealder og eldre jernalder. Det er ikkje kjent funn innanfor det omsøkte arealet, men det består av både innmark og utmark, så potensialet for funn av automatisk freda kulturminne er til stades. Spesielt med tanke på funn frå bronsealder, jernalder og mellomalder.

Etter ei vurdering av det omsøkte arealet finn me det difor nødvendig med å gjennomføre ei synfaring før me kan gje fråsegn til saka, for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa vert gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.